

## Notat

**Frå:** Fylkesdirektør for næring

**Til:** Hovudutval for plan og næring og hovudutval for opplæring

### **Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane - 2015-2016**

Dette notatet har som føremål å orientere hovudutvala om saksgangen og innhaldet i ny avtale mellom Ungt Entreprenørskap og fylkeskommunen.

#### Bakgrunn

Fylkestinget vedtok i desember 2011 ein samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane (UE) for åra 2012 til 2014. Administrasjonen representert ved næringsavdelinga og opplæringsavdelinga har saman med dagleg leiar i Ungt Entreprenørskap arbeidd fram eit framlegg til ny avtale for åra 2015 og 2016.

#### Saksgang

Tidlegare har avtalen blitt vedtatt av fylkestinget etter handsaming i hovudutval for plan og næring, hovudutval for opplæring, og fylkesutvalet. No legg fylkesrådmannen opp til at hovudutvala får avtalen til orientering i dette notatet, og at midlane vert sett av i fylkestinget sitt budsjettvedtak. Det vil seie at det i plan og næring sin sektordel vert sett av kr. 900 000 for åra 2015 og 2016 til avtale med Ungt Entreprenørskap og fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtalen.

#### Økonomi og avtalelengd

Når vi frå 2012 gjekk frå årlege løyvingar til ein meir langsiktig avtale med Ungt Entreprenørskap var hovudgrunnen ynskje om meir føreseielege rammer for det langsiktige arbeidet vi saman gjer innan entreprenørskap i utdanning. Dette er framleis viktige omsyn, men grunna dei usikre økonomiske rammene til fylkeskommunen vart det i budsjettsak til hovudutval for plan og næring i september lagt opp til at ny avtale skal vere på to år.

Avtalesummen står fast på kr. 900 000 slik den har vore i førre avtaleperiode. Ramma for avtalen bygger på hovudutval for plan og næring si budsjettsak i september.

Avtalen påverkar ikkje dei økonomiske rammene til hovudutval for opplæring, men arbeidet og avtalen er i høgste grad aktuell for begge sektorar.

#### Ungt Entreprenørskap og forankring til satsingane til fylkeskommunen

UE i Sogn og Fjordane er organisert som ei stifting, og vart oppretta i 2000. Eit breitt partnerskap av både offentlege og private aktørar står bak Ungt Entreprenørskap. Sogn og Fjordane er komne langt i arbeidet med entreprenørskap i skule og barnehage og har blir lagt merke til i landssamanheng.

Hovudtyngda av finansieringa er offentleg, men også private midlar er inne. I tillegg legg bedriftene ned ein arbeidsinnsats gjennom til dømes deltaking på gründercampar.

Sentralt i UE sine aktivitetar er bedriftsprogramma elevbedrift (grunnskulen), ungdomsbedrift (vidaregåande skule) og studentbedrift (høgare utdanning). Sjå meir informasjon på nettsida [www.ue.no/Sogn-og-Fjordane](http://www.ue.no/Sogn-og-Fjordane).

Entreprenørskap i utdanning er sentralt i arbeidet med nyskaping i verdiskapingsplanen. Det haldningsskapande arbeidet for å få fleire til å satse på eiga bedrift må starte tidleg og følgje utdanningsløpet frå barnehage til høgskule. Ungt Entreprenørskap er fylkeskommunen sitt verkemiddel for å følgje opp dette arbeidet. Arbeidet er også forankra i mål og strategidokument for vidaregåande opplæring.

#### Avtaleinnhald

Vi har bygd vidare på avtalen for 2012-2014. Avtalen skal ikkje detaljregulere arbeidet, men definere felles mål og retning for vidare arbeid. Avtalen bygger på etablert samarbeid og handlingsplanen til Ungt Entreprenørskap.

Avtalen er oppdatert ut frå målsetjingane og omgrepa i verdiskapingsplanen og mål og strategidokument for vidaregåande opplæring. Ungt Entreprenørskap skal prioritere satsingar og næringar som vert trekt fram som særleg viktige i fylkeskommunen sine strategiar.

Deltaking frå arbeid- og næringsliv er framleis sentralt, og det er eit felles ynskje å arbeide for enno breiare deltaking frå kommunane. Det er også eit felles ynskje om å legge meir vekt på å presentere gode og konkrete dømer frå arbeidet.

#### Oppsummering

Administrasjonen legg til grunn at hovudutvalet tek avtalen til vitande. Dei økonomiske rammene er i tråd med tidlegare vedtak i hovudutval for plan og næring. Løyvinga vert lagt inn framlegg til budsjett som vert endeleg vedteke av fylkestinget i desember. Det er lagt opp til at fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtalen med Ungt Entreprenørskap.

#### Vedlegg:

Utkast til avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane – 2014-2015